

Ingelin Ida Marie Petterteig, 27.08.2026

Mitt viktigaste råd til Lesekommisjonen er enkelt: Skal vi styrkje leseferdigheitene og leselysta blant barn og unge, må vi satse på bemanna skolebibliotek.

Eit skolebibliotek er meir enn eit rom med bøker. Elevane må lære korleis dei kan bruke biblioteket, orientere seg i samlinga og finne fram til bøker som passar akkurat dei. For mange barn er ikkje utfordringa at det finst for få bøker – men at dei ikkje veit kvar dei skal begynne.

Bøker finn ikkje nødvendigvis lesarane sine heilt av seg sjølve. Nokon må opne døra, vise veg og seie: «Denne trur eg du kjem til å like.»

Difor må bemanninga vere omfattande nok til at skolebibliotekaren faktisk får tid til å fylle skolebiblioteket sine tre viktige funksjonar: den pedagogiske, sosiale og funksjonelle. Skolebiblioteket skal vere ein arena for læring og litteraturformidling, ein trygg sosial møteplass og ein stad der elevane får utvikle ferdigheiter i å finne, velje og bruke informasjon og litteratur. Det er svært naivt å tru at alt dette skjer utan nokon som kan leie arbeidet. I mitt arbeid som skulebibliotekkoordinator ser eg stor skildnad på skulane som har stor personalressurs knytta til skulebiblioteket.

I dag er tilbodet svært ulikt. Kva tilgang ein elev har til eit levande og aktivt skolebibliotek, bør ikkje vere avhengig av kvar i landet eleven bur, eller kva skole eleven går på. Alle barn og unge i norsk skole bør møte eit likeverdig tilbod.

Skal vi nå også dei som ikkje allereie er glade i å lese, held det ikkje å berre fylle hyllene med bøker. Vi treng kompetente vaksne som har tid til å byggje bru mellom boka og barnet. Vil vi ha fleire lesarar, må vi sørgje for at alle elevar får møte både bøkene – og menneska som kan hjelpe dei inn i dei. Barn gjer ikkje alltid som vi seier – men dei legg merke til kva vi gjer. Skal vi skape fleire lesarar, må barn og unge få møte vaksne som sjølve viser at bøker og lesing betyr noko.

Midlar til bemanna skulebibliotek må høgt på dagsordnen!